



Strategidokument 2021 -



Innleiing

” **Forvaltningen av almenningen skal ha som alminnelig siktemål å opprettholde allmenningen som en fellesressurs for de eiendomsberettigede og bruksberettigede, og dernest til beste for bosetting, næringsvirksomhet, naturmiljø og friluftsliv ellers i det bygdelag allmenningen ligger til.**

Sitat frå Lov om bygdealmenningar

Historia til Skjåk Almenning går langt attende i tid. Almenninga tilhørde dansk-kongen, og gjekk på handel fleire gonger før framsynte skjåkværar kjøpte attende almenninga i 1798. Da gjekk eigedommen frå å vera kongealmenning til å blir privat bygdealmenning. Skjåk Almenning har utvikla og endra seg i takt med tida og tilhøva og det er store verdjar som gjennom tidene er ført attende til bygda og dei bruksberettiga. Skjåk Almenning med sine tilknytte bedrifter er ein stor og viktig næringsaktør i Skjåksamfunnet. Det er mange bygdelag med store statsalmenningar som ser til Skjåk og gjerne skulle vore i same situasjon. Almenninga vil målrette overskotet mot eit landbruk og ei bygd i utvikling og styre tilboda mot eit samfunn og ei kundegruppe i utvikling. Den overordna rettesnora er langsiktig og berekraftig forvaltning av ressursane ein rår over.



Formål

Skjåk Almenning – til beste for landbruket og til glede for alle

Verdiar

Kvalitet

Verdiskapande


I møtekomande

Samhandlande

Tydeleg

Overordna mål i 2024

- Tidsriktige og gode ytingar til landbruket
- Skjåk Almenning skal være ein tydeleg lokal aktør med positivt omdøme
- Ein nasjonalt kjend og attraktiv tilbydar av jakt, fiske og friluftsopplevingar
- Langsiktig forvaltar av utmarksressursane
- Alle dotterselskap leverer positive resultat



Økonomi og soliditet, grunnlaget for drift og utvikling

Skjåk Almenning har ein solid økonomi med gode årlege resultat. Gjennom dette har bedrifta bygd opp ein egenkapital som styret meiner er stor nok i høve til dei oppgåver og den risiko almenninga kan møte. Difor er målsetjinga å auke verdien av ytingane til landbruket, både direkte og gjennom fellestiltak. Det kan og vere større rom for almenne føremål som blir eit gode for alle i bygda og målretta tiltak til nærings-

utvikling. Resultaterprega av dei investeringane som er skissert i strategiplanen.


Slik kan Skjåk Almenning leve opp til og styrke sin posisjon som ein hjørnestein i Skjåksamfunnet.

	2019	2024
Resultat etter skatt	4,8	3,5
Avkastning EK i omløpsmidler	2%	3%
Avsatt til EK	2,7	0
Samla ytingar til landbruket	1,9	3,0
Til disposisjon		0,5


Beløp i millionar kroner




Satsingområde




Bruksrett



Omdøme



Utvikling



Organisasjon



Mjølkegeit på beite i Røykjeskålsle.

Bruksrett

Skjåk Almenning skal virke slik at ein sikrar at almenninga blir utvikla og halden oppe som ein fellesressurs til det beste for dei eigedoms- og bruksberettiga. Bruksreglane skal vera framtidsetta og ytingane til landbruket skal særleg rettast inn mot landbrukseigedomar med aktiv jordbruksdrift og yngre brukarar. Almenninga skal leggje til rette for utnytting av utmarksbeite. Almenningslova legg føringar for korleis styret handterer ulike bruksrettsspørsmål.

Mål	Strategi
10% årleg auke i ytingar totalt, 3 millionar kroner i 2023 <ul style="list-style-type: none">DirekteFellestiltak	Oppdatere retningslinjer for ytingar Oppdatere bruksrettsregisteret Prioritere aktive bruk og aktuelle område for fellestiltak Synleggjere verdien av ytingane Bidra til rekruttering gjennom gode ytingar
Minimum 50 framømte på årsmøtet	Auke eigarkjensla til Skjåk Almenning Aktivt og synleg styre
Stimulere til auka sysselsetjing i Skjåk	Etablere ei ordning med tilskot til nyskapande verksemd hjå dei med bruksrett Utforske moglegheitene innanfor ramen av bruksrett



Organisasjon

Skjåk Almenning skal ha sterk samhandling med dotterselskapa for å skape gode resultat og solide arbeidsplassar både økonomisk og sosialt. I denne samhandlinga skal alle vera opne for nye moglegheiter for å skape nye arbeidsplassar. Eigarskapet skal vera tydeleg med klare forventningar. Samarbeid med andre verksemdar skal vurderast.

Morselskap

Overordna:
Vi vil vera ein attraktiv arbeidsplass i Skjåk

Mål	Strategi
Skal vera ein attraktiv arbeidsplass i Skjåk	Konkurransedyktige arbeidsvilkår Synleggjere arbeidsmiljøet Synleggjere grunnlaget for næringsutvikling og utviklings-potensialet i bedrifta Tydelege roller og ansvarsfordeling
Eit resultat på minst kr 500 000 over målsette ytingar til landbruket	Gode rapporteringsrutiner på økonomisk utvikling Oversikt over kostnader og kostnadstruktur Utnytte inntektsramene
Oppretthalde EK på nivået som er idag	Tett økonomisk oppfølging
3 % avkastning på kontantkapitalen	Aktiv kapitalforvaltning Låg til moderat risiko



Organisasjon

Dotterselskap

Overordna mål:
Alle dotterselskap skal levere positive resultat

Mål	Strategi
Alle dotterselskap skal levere positive resultat	Utøve aktivt eigarskap med tydelege forventningar Handtere bruksrettsal etter oppdrag frå morselskapet
Resultat i Skjåk Trelast som gjev meirverdi for morselskapet	Vurdere korleis verksemda sine ramevilkår kan legge til rette for berekraftig drift Foredling av tømmer frå almenninga Vurdere samarbeid med andre verksemdar
Dei andre døtrene skal gje ei avkastning på innsett eigenkapital på minst 2,5%	Skape arbeidsplassar og meirverdi for Skjåk Almenning



Utvikling

Inntekt frå ulike utmarksressursar er den viktigaste inntektskjelda for almenninga i dag og vil sannsynleg vera det i åra framover. Å ta vare på, og utvikle dette, er almenninga si viktigaste oppgåve og legg hovudgrunnlaget for dei ulike formene for bruksrettsytingar. Skjåk Almanning skal i åra som kjem få ei større verdiskaping ut av ressursane som ein har til rådte. Bruken av ressursane skal likevel vera framtidsretta med prinsippet om bruk utan å bruke opp. Innanbygds skal prioriterast i høve jakt og fiske.

Utvikling handlar ikkje berre om å utvikle produkt, men og å halde tritt med teknologisk utvikling på ymse felt. Å ta i bruk ulike digitale løysingar i samsvar med samfunnsutvikling er viktig for å nå dei måla vi har sett oss. Ikkje minst gjeld dette i høve til sal og marknadsføring av dei produkta vi leverer. Vi vil vere imøtekomande både gjennom personlege møte og digital kommunikasjon.

Eigedom og anna næring

Mål	Strategi
Selje 5 tomter per år innan 3 år i eksisterande hyttefelt	Avventar nyregulering av hyttefelt Marknadsføre ledige tomter i eksisterande felt Marknadsføre samarbeidspartnarar
Utvikle administrasjonsbygget med identitet som også kan vere eit landemerke	Utreie grunnlaget for utviding av eit bygg med vekt på funksjonalitet og arkitektur Vidareutvikle samlingspunktet som adm.bygget allereie er Bygge omdømme og identitet omkring Skjåk Almanning
Oppretthalde verdi i bygningsmasse	Systematisk vedlikehald Ta igjen etterslep på vedlikehald
Ha ferdige næringstomter	Legge til rette næringstomter Næringsutviklar gjennom deleigarskap i andre selskap lokalt



Hauststemning ved Kleivtjønne.
Foto: Kristen Dagsgard

Utvikling

Utmark og skog

Overordna mål:
Ein nasjonalt kjent og attraktiv
tilbydar av jakt, fiske og
friluftsopplevingar

Mål	Strategi
Vere ein nasjonalt kjent og attraktiv tilbydar av jakt, fiske og friluftsopplevingar	Balanse mellom det kommersielle og omdøme Innrette produkta mot utvikling i samfunnet og trender vi ser Stimulere til nyrekruttering
Jamn vekst i jaktinntektene	Redusere konfliktnivå på innmark Vurdere aktuelle aktører å samarbeide med Målretta marknadsføring
Auke salet av fiskekort jamt over år	Finne samarbeidsløysingar som springbrett for nye produkt og møte trender vi ser
Moderat, jevn vekst i hytteinntektene	Stabilt omfang Finne samarbeidspatnarar til pakkeløysingar Marknadsføre opplevingar saman med NPR og Inatur
Positivt økonomisk bidrag frå skogen	Oppretthalde skogen som ressurs Forsyne Skjåk Trelast med kvalitetsråvarer



Omdøme

Skjåk Almenning ynskjer å vera ein leverandør av varer og tenester med høg kvalitet. Bedrifta skal framstå som påliteleg og imøtekommande, og framstå som ein solid samfunnsaktør, ressurs og bidragsytar i lokalsamfunnet.

Mål	Strategi
Større gjenkjøp av Skjåk Almenning sine produkt	Levere det vi seier vi skal og levere kvalitet Kommunisere breidda i det vi tilbyr Pleie av eksisterande kundar
Stolte bruksrettshavarar i Skjåk Almenning	Synleggjere verdiane av bruksrettsyttingane i eit vidt perspektiv Bevisstgjere bruksrettshavarane om kva dei rår over av ressursar
Tydeleg positivt bilete av Skjåk Almenning blant skjåkverar	Støtte lokale fellestiltak Rutine for pleie av samarbeidspartnarar Vere tydeleg samfunnsaktør Vise at ein deler med bygda
Tydeleg positivt bilete blant alle som bruker Skjåk Almenning	Aktiv profilering Tydeleggjere særpreg





Fakta og nøkkeltal

Kva

- Privat eigedom på knapt 2 millionar dekar. Dette utgjer 95 % av Skjåk kommune og 8 % av gamle Oppland fylke. Skjåk Almenning er Noregs største private grunneigar.
- 83 % er rekna som høgfiell og vidde, 6 % brear, 5% vatn og 6% skog. Av dette er det ca 82 000 dekar med produktiv skog.
- Totalt 18 toppar over 2000 moh. Nørdre Hestbrepiggen (2172 moh) er høgste punktet i almenninga. Felodden er det lågaste (420 moh).
- Over 80 % av eigedommen har vernestatus. Det meste i form av Breheimen- og Reinheimen nasjonalpark, samt Ottadalen landskapsvernområde.

Kven

- Skjåk Almenning er leia av eit styre beståande av 7 medlem.
- 205 gardsbruk har eigarskap i almenninga og ytterlegare 102 bruk har bruksrett.
- Administrasjonen, beståande av 8 tilsette, står for den daglege drifta.
- Eigedommen var tidlegare definert som statsalmenning og låg under kongen fram til 1726. Lokale gardbrukarar gjekk saman og kjøpte eigedommen i 1798. Derav sitatet: «I takksemnd til dei framsynte menn som kjøpte Skjåk Almenning i 1798.»

Verksemda

- Omsette for 19,5 millionar kr. i 2019.
- Skogbruk – årleg hogstkvantum på vel 10 000 m³ med tilhørande tiltak for skogkultur.
- Eigarskap i Skjåk Trelast AS, Skjåk Biovarme AS og Ottadalen Massivtre AS.
- Forvaltar og utøver bruksrettsytingar for dei jordbruksdrivande.
- Utleie av totalt 17 hytter.
- Tomtefeste til ulike formål.
- Sal av hyttetomter i to ulike hyttefelt.
- Sal av storviltjakt og småviltjakt.
 - Årleg kvote på:
 - 70-100 elg
 - 50-60 hjort
 - 40-50 rådyr
 - 300-400 villrein.
 - Sal av 100-150 småviltkort årleg, i tillegg til kort for fuglhundtrening.
- Årleg sal av 1400-1600 fiskekort i samarbeid med Skjåk Utmarksråd.

Vellykka jakt på Lendfonna 1900 moh.



Sauhytta i Lundadalen.





Strategidokument
2021 -



Tverrådalsskyrkja.
Foto: Trygve Stensberg Veslum